



Betre tverrfagleg innsats- BTI

BTI -verktøy

Sogndal kommune

## SAMTYKKE TIL OPPRETNING OG DELTAKING I STAFETTLOGG

Eg/vi gir samtykke til at det kan opprettast Stafettlogg

for ..... (barnets namn)

Målsettinga med samtykke er og oppretta ein Stafettlogg som verktøy for god og tverrfagleg samhandling rundt barnet / eleven. Målsettinga vidare er å sikre medverking frå føresette og barnet.

Loggen vil i all hovudsak innehalde dei tiltaka som er igangsett for barnet og effekten av dei. Meir opplysningar om Stafettlogg på side 2.

Stafettloggen vert starta opp frå ..... og vert avslutta etter måloppnåing eller dersom føresette ynskjer å avslutte loggen.

\_\_\_\_\_  
Stad

Foreldre /føresett	Dato
«Stafettholdar»	Dato
Underskrift elev (over 15 år)	Dato



Betre tverrfagleg innsats- BTI

## **Stafettlogg** **Informasjon til foreldre/ føresette**

Sogndal kommune nyttar samhandlingsmodellen, Betre tverrfagleg innsats over barn og unge (BTI). Dette omhandlar blant anna bruk av stafettlogg, dokumentasjon, tverrfagleg samarbeid og sikring av gode overgangar.

### Når startar ein Stafettlogg?

Når ein tilsett og foreldre/ føresette er vorte oppmerksom på eit barn, har diskutert bekymringa og bestemt seg for å sette inn tiltak rundt barnet.

Stafettloggen startar når foreldre/ føresette har gitt samtykke og eit tiltak skal settast i gang – når det er eit samarbeid rundt deira barn.

Tiltaka vil knytast til utviklingsområde der barnet kan ha nytte av ekstra støtte i ein periode eller over tid.

Det vert alltid innhenta samtykke frå foreldre/ føresette.

### Kva er ein Stafettlogg?

- Ein Stafettlogg er ein logg over tiltak og effekt (papir eller elektronisk)
- I stafettloggen skriv ein alle igangsette tiltak med vurderingar for barnet
- I Stafettloggen har ein møteoversikt samt ein oversikt over møtedeltakarane
- Stafettloggen gir ein oversikt over kva tenester og kva fagpersonar som er involvert

Stafettloggen skal alltid utarbeidast i samarbeid med foreldre/ føresette.

Foreldre/ føresette har fullt innsyn i loggen.

Dersom fleire tenester skal involverast i stafettloggarbeidet, skal foreldre/ føresette gje særskilt samtykke til dette. Vi nyttar dokumentet «Samtykke til tverrfagleg samarbeid om barn og unge i Sogndal kommune».

### Stafettloggen si varigheit

Stafettloggen vert avslutta etter måloppnåing, til dømes når tiltaka har gitt ønska effekt. Loggen kan også avsluttast undervegs dersom foreldre/ føresette ynskjer det.

Det som er registrert i loggen, vil følge arkivlovgivinga og vert oppbevart i høve gjeldande lovverk.

